

MANDAG

1. FEBRUAR 2010
BERGENS TIDENDE



DEBATT: Det er surt at feil løsning ble valgt

KURT ODDEKALV, SIDE 20



del 2

BØKER:

Flyktar inn i vestlandsmytologien

ATLE HANSEN, SIDE 24–25



MODERNE BØNDER: Slik kjem dagens bønder seg fram i Fykkesundet, også når isen har lagt seg på fjorden. Odelsguten Ole Harald Botnen er på veg for å mata bølgingen i den veglause grenda Botnen.

FOTO: ROAR CHRISTIANSEN

Sveve over Fykkesundet

Ein farkost av det sjeldne slaget er på fullt fart over fjorden. Bonden svevar 20 cm over Fykkesundet, når han skal inn i den veglause fjordarmen for å sjå til buskapen.

Med lufteputebåt er islagt fjord ikkje lenger eit problem.

BLA OM!

Alternativt bondevett

Ragnar Botnen er ikkje som andre bønder. Når han skal mate dyra er det på luftigste vis. Og i seksti knop.

**KJERSTI MJØR
ROAR CHRISTIANSEN (foto)**
kjersti.mjor@bt.no
Botnen, Hardanger

Året rundt, inst i den veglause fjordbotnen i Fykkesundet, går 18 svære beist med lang pannelugg på beite.

Bonden sjølv bur i Øystese, og kører vanlegvis båt frå Porsmyr kvar gong han skal mata og sjå til dyra sine.

Men før, når isen la seg på fjorden, mellom han og buskapen, fekk Ragnar Botnen eit stort problem med å ta seg fram. Fleire gonger måtte hardingen ta den strabasiose omvegen over Hamlagrø via Voss, og så gå til fots over fjellet, ned den gamle buførevegen, til Botnen.

– På det meste tok turen seks timar. Eg vassa i høg snø, fortel han.

Urokse og utegangar

Den oppfinnsame deltidbonden visste råd for uråd. Lett var det ikkje, men til slutt fann Botnen det han leita etter på internett: Ein luftputebåt. Fartøyet som går like godt på vatn som på is.

– Han bråkar like mykje som eit fly, går i 30 knop på vatnet og dobbelt så fort på isen. Problemet er løyst, konstaterer Ragnar Botnen fornøgd.

Av yrke er han anleggsarbeidar, og er borte 12–14 dagar i strekk. Utegangarane i Botnen er ein hobby. Ein dyr hobby.

– Hobbyar skal vera dyre, seier han.

I ti år no har han hatt bølingen med skotsk høglandsfe på beite på odelsgarden. Rasen stammar frå den gamle, nordiske urokse. Du kjenner typen på den rufsete pelsen, den lange panneluggen og dei svære horna.

– Dei har godt lynne, men minner mest om skvetten spelsau, seier Botnen og demonstrerer. Han grip etter eit horn. Dyret vik instinktivt unna.

Betalte folk for å flytta

– Mooooo!

Rautet frå den utolmodige raggtassen gir ekko mellom tronge fjellsider. Stuten veit at maten er undervegs, når bonden spiddar den svære rundballen frampå traktoren, og set kurs mot bølingen.

Men skottane lever ikkje av silo aleine. Kvar dag legg dei ned ein stor arbeidsinnsats for å bevare kulturlandskapet i Botnen.

– Dei er flinke til å rydda skog.
– Like flinke som geitene?
– Hakket over, vil eg seia!



UROKSEN: Vikingane skal ha frakta denne kurasen med seg på røvertokter til Skottland. Seinare vart den hardføre rasen kalla skotsk



FRITT FRAM: Det vesle som har vore av is så langt i vinter, forsvann i romjula. Igjen er Fykkesundet isfritt.



TIL GARDS PÅ LUFTPUTER: Ved hjelp av overtrykk held båten seg slevande underlaget, og kan forflytta seg både over land og vatn.



BTs leserombud **Terje Angelshaug** tar imot ros og ris fra leserne, tlf. 55 21 46 83 – leserombud@bt.no



høglandsfe. I Botnen går bølingen til bonden Ragnar Botnen ute heile året.



på ei «pute» av luft over



ROTNORSK IDYLL: Inne i Botnen driv Ragnar Botnen og kona Marit servering og overnatting for turistar. I sommarhalvåret, altså.



HAVNEN

SKOLTEN: «Bergensfjord» kommer i dag kl. 08.00 fra Hirtshals og går i retur kl. 12.30.
NØSTEKAIEN: «Vestfrakt» kom i går fra Askvoll og går i retur i dag kl. 13.30.
HURTIGRUTEKAIEN: «Lofoten» kommer i dag kl. 14.30 fra Kirkenes og går i retur kl. 22.30.
JEKTEVIKEN: «Baltic Bright» kommer i dag kl. 09.00 fra Immingham og går videre til Haugesund i morgen kl. 20.00. «Sc Aberdeen» kommer i dag kl. 21.30 fra Aberdeen og går videre til Florø i morgen kl. 12.00.
DOKKESKJÆRSKAIEN: «Trans Carrier» kommer i dag kl. 08.00 fra Esbjerg og går videre til Haugesund i morgen kl. 14.30.
FRIELESKAIEN: «Baltic Betina» kommer i dag kl. 06.00 fra Åbo og går i retur kl. 16.00. «Nordvåg» kommer i dag kl. 18.00 fra Tromsø og går videre til Hundested kl. 23.00.

KILDE: BERGEN OG OMLAND HAVNEVESEN

KOR I ALL BERGEN?



Og kor e´ vi henne her då, tror du?
Svaret får du i morgendagens avis.

FOTO: ANNE-GRETHER DAHL



I GÅR:
Åsane brannstasjon på Ulset i Åsane

DAGENS GULLKORN

To menn kikket gjennom fengselsgitteret. Den ene så gjørmene. Den andre så stjerner.

Frederick Langbridge

BÆRRRGENSK

grabbe te seg – *forsyne seg sterkt*
gå på graven – *gå til kirkegården, gravplassen*
grei – *kjekk, morsom*

LESERBILDE

Send dine blinkskudd til leserbilder@bt.no eller som mobilfoto til 2211. Hver måned kårer vi en vinner som får flaxlodd i posten.



PLADASK: Der tok jeg deg!

FOTO: JAN OTTO MIDTTUN

DUGGET RUTE?

Vi monterer strømsparende energiglass. Vi har Nå gode tilbud.
Kontakt oss i Midtunlia 73, 5224 Nesttun. Tlf. 55 28 29 20.
www.holeglass.no – endre.hole@holeglass.no

HOLE GLASS